

Eg gjekk ein tur på stien

Prosjektplan

Innhold

Eg gjekk ein tur på stien	1
Prosjektplan	1
1.0 Om prosjektet	2
2.0 Føremål	2
2.1 Folkehelse og bulyst	2
2.2 Berekraft	2
2.3 Styrka frivilligheit	2
2.4 Tryggleik	3
3.0 Resultatmål i prosjektet	3
3.1 Folkehelse og bulyst	3
3.2 Berekraft	3
3.3 Styrka frivilligheit	3
3.4 Tryggleik	3
4.0 Kva tiltak inngår i prosjektet	3
5.0 Definisjon og avgrensing	4
5.1 Omgrepsavklaring	4
5.2 Avgrensingar	4
6.0 Metode	5
6.1 Organisering av prosjektet	5
6.2 Kopling mot prosjektet Friluftslivets Ferdselsårer	7
6.3 Andre interessentar som vert rørt av prosjektet	7
6.4 Økonomi	7
7.0 Framdriftsplan	9
8.0 Forslag til etterarbeid / utviklingsprosjekt	10
8.1 Følgforskning	10
8.2 Vidare prosjekt	10
Vedlegg 1 – Nettressursar	11

1.0 Om prosjektet

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ønskjer å vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med å legge til rette for bulyst, trivsel og folkehelse i Sogn og Fjordane.

Stiftinga har difor tatt initiativ til prosjektet 'Eg gjekk ein tur på stien'. Prosjektet skal bidra til å utvikle infrastruktur for friluftsliv i vårt område, slik at Sogn og Fjordane vidareutviklar sin posisjon som ein attraktiv region for dei som allereie bur her, og potensielle tilflyttarar.

Stiftinga vil stille midlar til rådvelde for DNT Sogn og Fjordane for å få gjennomført prosjektet.

2.0 Føremål

Hovudmålet for «Eg gjekk ein tur på stien» er å legge til rette for utvikling av turruter i Sogn og Fjordane, og dermed sikre eit attraktivt tilbod til befolkninga med omsyn til folkehelse, livskvalitet og bulyst med fokus på berekraft og friluftsliv for alle.

Hovudmålet når ein ved å realisere konkrete lokale tiltak knytt til:

- Utbetring, utvikling og vedlikehald av prioriterte turruter som stimulerer til auka kvardagsaktivitet i lokalmiljøa. Her under vil merking og skilting, samt nødvendige sikringstiltak av rutene inngå.
- Utbetring, utvikling eller etablering av nokre utvalde godt tilgjengelege turruter i nærmiljøet

Føremålet med prosjektet kan delast inn i fire effektmål som skal verre førande for lokale prosjekt:

- Folkehelse og bulyst
- Berekraft
- Styrka frivilligheit
- Tryggleik

2.1 Folkehelse og bulyst

Prosjektet skal legge til rette for eit godt kvardagsfriluftsliv for bebuarar i Sogn og Fjordane og bidra til auka folkehelse, trivsel og bulyst i regionen. Det er eit ønskje at prosjektet skal bidra til at alle, uavhengig av alder, kulturell bakgrunn, erfaring og funksjonsevne, skal finne turområde i Sogn og Fjordane der ein kan føle seg trygge, vere fysisk aktive og få naturopplevingar.

2.2 Berekraft

Miljø og berekraft står sentralt i prosjektet. Det er viktig å sikre at turrutene utviklast berekraftig, slik at naturmangfald- og kulturminneverdiar vert ivareteke på ein best mogleg måte.

Det vert heilt sentralt for prosjektet at planlegging og gjennomføring av prosjekta skjer i tråd med Merkehandboka, herunder «veilederen for natur- og miljøvurderingar av ruter og turmål» samt Miljødirektoratet sin rettleiar «Naturvennlig tilrettelegging for friluftliv» (2019). Det bør i planleggingsfasen av lokale prosjekt vurderast om det skal gjennomførast ein sårbarheitsvurdering for turrutene ein ønskjer å utvikle. Ved planlegging om etablering av heilt nye turruter er det et krav at det gjennomførast ein sårbarheitsvurdering.

2.3 Styrka frivilligheit

Prosjektet skal bidra til sosial berekraft i lokalsamfunn ved å styrke frivilligheita og kompetansen i frivillige lag og organisasjonar. I tillegg skal ein jobbe for auka samarbeid mellom frivilligheita og det offentlege.

2.4 Tryggleik

Det er eit ønskje at prosjektet bidrar til at befolkninga i Sogn og Fjordane skal kunne drive et trygt friluftsliv. God merking og skilting, samt nødvendige informasjons- og sikringstiltak på turruter er eit prioritert tiltak i prosjektet for å ivareta tryggleiken til turgåarane.

3.0 Resultatmål i prosjektet

3.1 Folkehelse og bulyst

- Utbetring, utvikling og vedlikehald av prioriterte turruter som stimulerer til auka kvardagsaktivitet i lokalmiljøa. Her under vil merking og skilting, samt nødvendige sikringstiltak av rutene inngå.
- Det skal øyremerkast eigne midlar til godt tilgjengelege turruter i nærmiljøet, som gjer det mogeleg også for personar med funksjonsvariasjonar å drive friluftsliv.
- Turrutene skal synleggjerast i ulike planleggingsverktøy til dømes UT.no og Norgeskart

3.2 Berekraft

- Tiltaka skal vere forankra i Merkehandboka, herunder «veilederen for natur- og miljøvurderingar av ruter og turmål», samt Miljødirektoratet sin rettleiar «Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv» (2019).
- Det skal gjennomførast sårbarhetsvurderingar ved behov
- Utvikle lokal kompetanse blant frivilligheita når det gjeld berekraftig stutvikling

3.3 Styrka frivilligheit

- Prosjektet skal bidra til å styrke samhandling mellom frivilligheita, offentleg forvaltning og privat næring
- Fleire personar i lokalsamfunna blir inkludert og invitert inn i frivilligheita
- Utvikle lokal kompetanse blant frivilligheita når det gjeld prosjekt- og økonomistyring

3.4 Tryggleik

- God merking og god informasjon, samt utbetring av turruter og nødvendige sikringstiltak skal gjere det tryggare å ferdast i naturen og bidra til færre uhell/ulykker.
- Prosjektet planlegg å etablere informasjonsskilt der turane statar. Informasjonsskilta skal gi god informasjon om turen, samt tips om gode forholdsreglar.

4.0 Kva tiltak inngår i prosjektet

Prosjektet legg opp til at alle kommunar i lag med lokale turlag og andre frivillige lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane kan utvikle sine turruter. Prioritering av kva rute(r) ein ynskjer å utvikle vert ei oppgåve for Lokal Prosjektgruppe. Dette kan vere etablerte turruter som ein vil utbetre, utvikle eller nye stiprosjekt. Det er i prosjektet også øyremerkast eigne midlar til nokre utvalde prosjekt der ein jobbar med godt tilgjengelege turruter, som gjer det mogeleg også for personar med funksjonsvariasjonar å drive friluftsliv.

Ein prosjektsøknad kan innehalde ein eller fleir turruter.

Prosjektet skal fyrst og fremst prioritere turruter som motiverer og stimulerer til auka kvardagsfriluftsliv og bidra til at befolkninga i Sogn og Fjordane har sikre og lett tilgjengelege turruter i sine nærmiljø. Prosjektet prioriterer ikkje turruter som er direkte retta mot turistar, likevel kan nokre av rutene ha en positiv sideeffekt for turismen i lokalmiljøa.

5.0 Definisjon og avgrensing

5.1 Omgrepsavklaring

Det vises til Merkhandboka si omgrepsavklaring i kapitel 1.2.

Ferdselsårer er trasear for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leder for ferdsel på vatn og over brear.

Turruter er skilta, merka og kartfesta trasear for ferdsel i den sesongen som er aktuell for bruk.

Turforslag er en anbefalt tur

Sti er et tydeleg, smalt og samanhengande tråkk i terrenget, som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging

Opparbeida sti er en sti som er tilrettelagt med fast toppdekke og god framkommelegheit

Turveg er en opparbeida og samanhengande ferdselsåre med jamn og fast toppdekke i minst 1,2 m bredde

Led er ferdselsårer på vann og over breer. Ofte brukes også rute om ferdselsårene over bre.

Gradering er en kategorisering av turruter etter hvor krevende rutene er. Det graderes i 4 kategorier etter hvor krevende turruta er; grønn, blå, rød og svart, der grønn er den enkleste. Kriteriene for gradering av ulike turruter omtales under omtalen av disse

Godt tilgjengelig er en kategori som innebærer at en ferdselsåre er bedre tilgjengelig for mennesker med funksjonsnedsettelse enn det kravet til grønn gradering tilsier, men likevel ikke slik at kravene til universell utforming fullt ut er ivarettatt. Tilgjengeligheten skal være beskrevet i Kartverkets turrutebase og i annet informasjonsmateriell slik at brukeren kan vurdere egne muligheter til å bruke ferdselsåren.

5.2 Avgrensingar

Lokale prosjekt som fell utanfor prosjektet sitt føremål eller budsjetttramme kan ikkje søke på denne ordninga. Slike prosjekt kan retta seg direkte til Sparebankstiftinga.

5.2.1 Geografisk avgrensing

Prosjektet er avgrensa geografisk til å gjelde kommunar i Sogn og Fjordane, inkl. Hornindal.

5.2.2 Tilrettelegging og infrastruktur

Midlane i prosjektet er øymerka sjølve turrutene og det vil i utgangspunkt ikkje bli innvilga midlar til utbygging av større infrastruktur som til døme parkeringsplassar. Lokale prosjektgrupper må samarbeide tett med sin kommune for å ivareta behovet for parkeringsplassar og anna infrastruktur.

6.0 Metode

6.1 Organisering av prosjektet

Prosjekteigar: DNT Sogn og Fjordane

Prosjektets si varigheit: 4 års periode fra 2024-2028

 DNT Sogn og Fjordane	STYRINGSGRUPPE <i>Styringsgruppa skal ha ansvar for at prosjektet vert gjennomført i tråd med føremålet og ha styrande mynde når det gjeld økonomi og prioriteringar i prosjektet.</i>
	SENTRAL PROSJEKTGRUPPE <i>Sentral prosjektgruppe ved prosjekteigar vil ha ansvar for å følgje opp framdrifta av prosjektet, her under vere fagleg støtte og bidragsytar der det er behov for kompetanse.</i>
	LOKALE PROSJEKTGRUPPER <i>Det skal etablerast lokale prosjektgrupper i kvar kommune omfatta av prosjektet. I dei lokale prosjektgruppene skal kommunen vere prosjekteigar. Lokal prosjektgruppe sitt mandat er å sikre gjennomføring av lokale tiltak og prosjekt i tråd med retningslinjene.</i>

Styringsgruppe

Føremål/mandat: Styringsgruppa skal ha ansvar for at prosjektet vert gjennomført i tråd med føremålet og ha styrande mynde når det gjeld økonomi og prioriteringar i prosjektet.

Deltakarar i styringsgruppe

- Hallvard Klakegg - Sparebankstiftinga
- Siv Merete Stadheim – DNT Sogn og Fjordane (leiar)
- Terje Heggheim - Sunnfjord Kommune
- Britt Karen Spjeld – Vestland Fylkeskommune

Oppgåver og ansvar:

- Sikre at prosjekta er innanfor mandat og føremål
- Kontaktnett i regionen
- Styringsgruppa vurderer om innkomne søknader er i tråd med føremålet og gjer anbefalingar til vedtak vidare til styret DNT Sogn og Fjordane.

Sentral prosjektgruppe

Føremål/mandat: Sentral prosjektgruppe ved prosjekteigar vil ha ansvar for å følgje opp framdrifta av prosjektet, her under vere fagleg støtte og bidragsytar der det er behov for kompetanse.

Deltakarar i sentral prosjektgruppe:

- Yngve Thorsen, Sparebankstiftinga
- Gry Thyrrstrup, DNT Sogn og Fjordane - Prosjektkoordinator



- Hanne Bruaas, DNT Sogn og Fjordane – Prosjektleder
- Tor Arne Hauge – Kompetanse; regelverk, nasjonalparker og sårbar natur
- Jørgen Hundset – Kompetanse; kommunal regelverk, grunneigaravtalar, tilrettelagte stiar
- Jarle Aarvoll – Kompetanse; kommunal forvaltning
- Anders Søyland – Kompetanse; Fylkeskommunal forvaltning, spelemidlar
- Anders Espeseth – Kompetanse; Friluftslivsutvikling i kommunen

Oppgåver og ansvar:

- Overordna prosjektstyring – syta for/motivere til å oppretthalde god aktivitet i prosjektgruppene
- Rapportering til styringsgruppa
- Oppfølging av lokale prosjektgrupper
- Inspirere og støtte lokale prosjektgrupper
- Vere tilgjengeleg fagkompetanse når det gjeld:
 - Grunneigarspørsmål og kommunal forvaltning
 - Berekraft og naturforvaltning
 - Spelemiddelsøknader
 - Godt tilgjengelege ruter
 - Finansiering
- Administrere søknadsprosessen

Lokal prosjektgruppe i kvar kommune

Føremål/mandat: Det skal etablerast lokale prosjektgrupper i kvar kommune omfatta av prosjektet. I dei lokale prosjektgruppene skal kommunen spille en sentral rolle når det gjeld prioritering og kvalitetssikring av lokale prosjekt. Lokal prosjektgruppe sitt mandat er å sikre gjennomføring av lokale tiltak og prosjekt i tråd med retningslinjene.

Deltakarar i lokal prosjektgruppe består av:

- Kommunen – prosjektleder lokalt
- Lokalt turlag
- Andre frivillige lag og organisasjonar
- Evt. andre ressurspersonar

Oppgåver/ansvar for lokal prosjektgruppe:

- Avhalde jamlege møter
- Føreslå og prioritere aktuelle turruteprosjekt for sin kommune
- Informere om sine prioriteringar ved å sende søknad i form av prosjektplan til sentral prosjektgruppe
- Handtere spelemiddelsøknader (kommunen)
- Prosjektrekneskap
- Halde framdrift i prosjekt
- Der det er relevant kople lokale prosjekt opp mot andre kommunale prosjekt t.d. friluftslivets ferdselsårer og besøksforvaltning
- Avklare og inngå eventuelle grunneigaravtalar
- Sikre at prosjektet blir gjennomført i tråd med Merkehandboka og Miljødirektoratet sin rettleiar «Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv» (2019).

To eller fleire kommunar kan samarbeide om prosjekt som kryssar kommunegrensar (t.d ferdselsårer).

6.2 Kopling mot prosjektet Friluftslivets Ferdselsårer

Friluftslivets ferdselsårer er et prosjekt som har til mål å identifisere, ta i vare og utvikle viktige stiar, turvegar, løyper og leier i kommunane. I prosjektet skal kommunane utvikle ein heilskapleg plan for friluftslivets ferdselsårer, få et betre kunnskapsgrunnlag og eit verktøy for å forvalte ferdselsårene på ein meir heilskapleg og berekraftig måte.¹

Prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien» vil i mange tilfelle kunne vera en naturleg vidareføring av kommunanes arbeid med Friluftslivets Ferdselsårer. Ein bør derfor prioritere å informere arbeidsgruppene i Friluftslivets Ferdselsårer om prosjektet, og sjå på korleis ein kan kople dei to prosjekta saman.

6.3 Andre interessentar som vert rørt av prosjektet

- Noverande og potensielle nye naturbrukarar av frilufts-infrastruktur i Sogn og Fjordane
- Kommunane i Sogn og Fjordane (bulyst, tilflytting, attraktivitet)
- Næringsliv og offentleg sektor i Sogn og Fjordane (bulyst, rekruttering)
- DNT Sogn og Fjordane saman med sine 14 lokale turlag
- Andre frivillige lag og organisasjonar
- Vestland Fylkeskommune
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Naturvernorganisasjonar

6.4 Økonomi

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane løyver 20 millionar kroner til eit fire-årig prosjekt der midlane vert øymerka til å oppnå prosjektets hovudmål. Midlane utbetalast til prosjekteigar (DNT Sogn og Fjordane) som har ansvar for å formidle midlane i tråd med prosjektets føremål.

Ein del av midlane skal dekke en 50% stilling i DNT Sogn og Fjordane som prosjektleiar for prosjektet. Ytterlegare vil det bli satt av nokon midlar som skal dekke kostnader knytt til kompetanseutvikling, kommunikasjon og marknadsføring, og prosjektutvikling.

Prosess ved tildeling av midlar

1. Sparebankstiftinga vedtek tildeling til DNT Sogn og Fjordane 20 millionar kr.
2. Sentral prosjektgruppe v. prosjektleiar, administrerer innkomne søknader og vidareformidlar til styringsgruppa.
3. Styringsgruppa vurderer om innkomne søknader er i tråd med føremålet og gjer anbefalingar til vedtak vidare til styret i DNT Sogn og Fjordane.
4. Styret i DNT Sogn og Fjordane fattar endeleg vedtak om tildeling.

Finansiering av lokale prosjekt

I prosjektet er det øymerket et grunnbeløp på 500.000 kr. til kvar kommune. I tillegg kan ein søkja om tilleggsløyving basert på behovet til prosjektet. Beløpet kan fordelast over fleire år og fleire stiprosjekt. Det må sendast inn ein (1) prosjektsøknad per stiprosjekt.

Midlar frå Sparebankstiftinga kan ikkje fullfinansiere prosjekta, det er eit krav at den lokale prosjektgruppe stiller med egne midlar og/eller andre gåvemidlar. Prosjekta bør kvalifisere til spelemiddelsordninga. Dugnad kan utgjere ein del av finansieringa med ein timepris på: 435 kr. Prosjektet vektlegger lokale prosjekt som utløyser dugnad/frivillig innsats.

¹ [Tilskot til plan for friluftslivets ferdselsårer- Vestland fylkeskommune](#)

Det oppmodast til spleiselag omlag etter denne fordelinga:

- 1/3 frå Sparebankstiftinga
- spelemidlar
- dugnad og private/offentlege bidrag

Det kan søkjast om annan finansieringsmodell, men bidrag frå Sparebankstiftinga vil normalt ikkje overstige 33 % av prosjektet sin totalsum.

Krav til søknad og rapportering

Lokale prosjektgrupper må sende inn ein søknad formulert som ein prosjektplan, der ein gjer greie for prosjektorganisering, finansiering og korleis ein vil jobbe for å imøtekomma prosjektets føremål. Reglar for tildeling av midlar utdjupast i dokumentet 'retningslinjer for tildeling av midlar'.

Det er krav til årleg rapportering frå lokale prosjektgrupper pr. 15. november kvart år

Prosjektleiari utformar eit forenkla søknadsskjema og rapporteringsskjema som skal nyttast av lokale prosjektgrupper.

Godkjenning av søknad og utbetaling av midlar

For at få søknaden godkjent må tiltaket det søkast tilskot til inngå i en vedteken kommunal plan. For å få utbetalt midlar må kommunen kunne vise til fullfinansiering av anlegget ved å ha innvilga forskottering eller til godkjent spelemiddelsøknad frå Vestland fylkeskommune.

7.0 Framdriftsplan

Aktivitet 2024	Jan	Feb.	Mar.	Apr.	Mai	Jun.	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Forankring i lokale turlag			x								
Forankring i kommunar			x	x	x						
Ferdigstilling av prosjektplan				x	x	x					
Oppstartsmøte i prosjektgruppa					x						
Oppstartsmøte i styringsgruppa					x						
Behandling i Stiftinga sitt styre						x					
Lage kommunikasjonsplan						x					
Planlegging av infomøter						x					
Annonsering av prosjektet – kick off							x				
Infomøter med alle kommunane							x	x			
Infomøter med alle turlaga og evt. andre frivillige organisasjonar							x	x			
Praktisk stimerkekurs								x			
Kurs i spelemiddelsøknader								x			
1. søknadsfrist 1. oktober for gryteklare prosjekt									x		
Møte i styringsgruppa									x	x	
1. tildeling ca. 15. november										x	
Planlegge/arrangere kurs									x	x	x

Aktivitet 2025 – Friluftslivets år	Jan	Feb.	Mar.	Apr.	Mai	Jun.	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Planlegge/arrangere kurs	x	x	x	x	x	x	x	x			
Kunnskapsdeling mellom sentral prosjektgruppe og lokale prosjektgrupper	x										
2. søknadsfrist 15. februar		x									
Møte i styringsgruppa		x	x								
2. tildeling av midlar 15. mars			x								
Stimerkekurs - teori				x							
Oppstart lokale prosjekt			x	x	x	x					
Oppmuntring til opne dugnader				x	x						
Praktisk stimerkekurs						x					
Statusrapportering									x	x	
3. søknadsfrist 15. oktober									x		
Møte i styringsgruppa									x	x	
3. tildeling ca. 15. november										x	

8.0 Forslag til etterarbeid / utviklingsprosjekt

8.1 Følgeforskning

For å verifisere om effektmåla vert oppnådd kan det vere aktuelt å foreslå at det opprettast forskingsprosjekt knytt til prosjektet. Prosjektmåla rør sentrale tema som er aktuelle i eksisterande friluftsforskning, og ein bør derfor sjå på moglegheita for å engasjere fagmiljøa i blant anna Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Norsk institutt for naturforskning (NINA) som moglege samarbeidspartnarar i prosjektet. Aktuelle tema for følgeforskning av prosjektet kan vere;

- folkehelseeffektane av merking og tilrettelegging av turruter.
- måling av auka bulyst knytt til turtilbod i nærmiljø
- folkehelseeffektane av deltaking i frivilligheit
- effektar på bruk av merka og tilrettelagte turruter
- anna

8.2 Vidare prosjekt

Hovudmålet for «*Eg gjekk ein tur på stien*» er å legge til rette for utvikling av turruter i Sogn og Fjordane. For å sikre at turrutene som vert utvikla i prosjektet blir populære og flittig brukt, kan det vere aktuelt å føreslå nye prosjekt som har til føremål å auke bruken av turrutene. Vidare prosjekt kan til døme jobbe med;

- marknadsføring og konseptutvikling av turrutene
- opprette turkonsepter som til døme SJEKK UT, turpostar, topptrimm
- arrangere felles turlagsturar til alle turrutene i kvar kommune
- anna

Vedlegg 1 – Nettressursar

Merkehandboka: [Merkehandbok 2019.pdf \(merkehandboka.no\)](#)

Merkehandboka si vegleiing for natur og miljøvurderingar av ruter og turmål: [Veileder Natur-og-miljovurderingar-av-ruter-og-turmal nov-2023 Web.pdf \(merkehandboka.no\)](#)

Merkehandboka si Skiltmanual: [4797 skiltmanual.pdf \(merkehandboka.no\)](#)

Mal for grunneigaravtalar: [Avtaler – Merkehåndboka \(merkehandboka.no\)](#)

Miljødirektoratet; Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv: [m1326.pdf \(miljodirektoratet.no\)](#)

Miljødirektoratet; Stiskulen: [Stiskulen- Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

Handbok for sårbarhetsvurdering av verneområde: [Sårbarhetsvurdering i norske verneområder \(nina.no\)](#)